



Arkivnr: 2016/3018-6

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		28.04.2016
Fylkesutvalet		19.05.2016

## Søknad frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger

### Samandrag

Tide Buss AS søker om fornying av ruteløyvet deira for Kystbussen på strekninga Bergen – Stavanger. Fylkesutvalet skal som løyvestyresmakt behovsprøve søknaden. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert imøtekomen på visse vilkår.

### Forslag til innstilling

- 1 Fylkesutvalet godkjenner søknad av 03.03.16 frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen – Stavanger, på vilkåra skildra i vedtakspunkt 3-5.
- 2 Løyvet gjeld til 19.05.2026.
- 3 Løyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen – Halhjem.
- 4 Lokaltransport i Rogaland og rutetrasé som vert nytta i Rogaland skal vere godkjent av Rogaland fylkeskommune eller Kolumbus AS.
- 5 Materiellet som vert nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materieil som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande norske avgasstandarden.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.04.2016****Bakgrunn**

Samferdselsavdelinga har i brev av 03.03.16 motteke søknad frå Tide Buss AS, org.nr 910 500 805, om fornying av løyvet deira for bussrute på strekninga Bergen – Stavanger. Fylkesutvalet skal som løyvestyresmakt behovsprøve søknaden.

**Saksopplysningar**

Hordaland fylkeskommune er løyvestyresmakt for fylkesgrensekryssande ruter i regi av Tide, og Rogaland fylkeskommune for Boreal sine fylkesgrensekryssande ruter. Av omsyn til å prinsippet om likskap i forvaltinga har dei to fylkeskommunane koordinert saksførebuingane.

Søknaden gjeld vidareføring av eit ruteløyve som selskap som no er innfusjonert i Tide fekk for første gong i 1993. Rutetraseen er Bergen – Stord – Haugesund – Stavanger. Løyvet har vore i stabil drift sidan det blei tildelt. Ruta er marknadsført som Kystbussen.

Kystbussen står for den største delen av den lokale busspassasjertransporten på strekninga Sandvikvåg – Haugesund, og ein ukjend andel av den samla kollektivtransporten for langreisande på rutestrekninga. Kystbussen har dei siste åra vore driven i samarbeid mellom Tide og Boreal Transport Sør AS.

Tide søker om å vidareføre det noverande rutetilbodet i samarbeid med Boreal. Det utgjør 19 turar kvar veg på kvardagar, 16 på laurdagar og 19 på søndagar. Turane er saumlause, og rutetidene er så stive som ferjerutetidene gjev rom for.

Grunnpris for vaksne på heile strekninga er kr 600. Det er barnerabatt på 40%, honnør-, student-, gruppe og tur-returrabatt på 20-25%, og militærrabatt på 50-90%. Ved billettering om bord må ein betale 10% ekstra. Fylkeskommunen har i mange år hatt avtale om at 30-dagars ungdomsbillett («ungdomskort») skal kunne nyttast på ruta.

Etter at Flaggruten og Nettbuss AS si flyktige bussrute på same strekning blei nedlagt, er Kystbussen si konkurranseflate mot annan kollektivtransport mot snøggbåtruter på delstrekningar og fly Bergen – Haugesund og Bergen – Stavanger. Desse tilboda er ikkje saumlause og har i gjennomsnitt høgare billettpris enn Kystbussen.

**Høyring**

I brev av 16.03.16 frå Rogaland fylkeskommune heiter det mellom anna følgjande:

Vi har ingen merknader til søknaden fra Tide Buss AS om å fortsette driften som tidligere med «Kystbussen» på strekningen Bergen – Stavanger vv.

Kolumbus AS har mulighet til fortsatt å inngå avtale om lokale takster, periode- eller ungdomspass på delstrekninger.

Kolumbus er Rogaland fylkeskommune sitt svar på Skyss.

Stord kommune har i brev av 30.03.16 opplyst at dei ikkje har innvendingar til søknaden, og Os kommune har i brev av 04.04.16 opplyst at dei ikkje har merknader til søknaden.

Fleire fråsegner er ikkje kome inn i saka.

**Vurdering**

Kystbussen si langvarige høgfrekventerte eksistens på kommersielt grunnlag viser, etter fylkesrådmannen si vurdering at det er behov for ruta.

Det at Kystbussen, slik fylkesrådmannen oppfatar det, er betre samansydd, meir miljøvenleg og gjennomsnittleg har lågare pris enn alternative transportmiddel, talar etter fylkesrådmannen si vurdering i favør av å imøtekome søknaden frå Tide. Denne vurderinga vert styrka av at Kystbussen har høgare frekvens enn alternative kollektive transportmiddel.

Fylkesrådmannen finn det viktig at det ikkje blir opphald i å dekkje dei transportbehova som Kystbussen dekkjer. Dersom Kystbussen ikkje vert tildelt ruteløyve vil det melde seg trong for omfattande ekstra ruteproduksjon i fylkeskommunal regi på same strekning. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det på noverande tidspunkt er tenleg for fylkeskommunen overta drifta.

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til at den aktuelle søknaden frå Tide vert imøtekomen. Som gjeldande praksis for slike ruteløyver, bør det etter fylkesrådmannen si vurdering i samråd med Rogaland fylkeskommune, setjast vilkår om ikkje å utføre lokaltransport på visse strekningar. Dette for å unngå inntektstap for begge fylkeskommunane som er involverte.